

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 15/11937-1

## **Budsjett 2015 - omfordeling mellom funksjonar på programområde 410**

### **Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet vedtek følgjande omfordeling på programområde 410 i budsjett 2015:
  - a. Kr. 39 000 vert omfordelt frå funksjon 41001 til 41003
  - b. Kr. 22 000 vert omfordelt frå funksjon 41002 til 41003
2. Dei omfordelte midlane skal nyttast til kjøp av forvaltningsrevisjon
3. Tilbakebetaling på kr. 49 424 frå SF revisjon IKS for revisjonstenester 2014 bidreg til mindreforbruk på funksjon 41003 i 2015.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

I budsjettreglementet pkt. 2.4 i budsjett 2015 står det at kontrollutvalet får fullmakt til å omfordele mellom funksjonane på programområde 410.

Rekneskapen så langt tyrder på at det vert eit mindreforbruk på funksjon 41001 og 41002. Mindreforbruket på desse funksjonane kan då omfordelast til funksjon 41003, som er kjøp av revisjonstenester.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Mindreforbruket på funksjon 41001 vil bli i overkant av kr. 39 000. Mindreforbruket på funksjon 41002 vil bli i overkant av kr. 22 000.

Kontrollsjefen vil rå til at mindreforbruket for desse funksjonane kan omfordelast til funksjon 41003 og nyttast til forvaltningsrevisjon. Det vil resultere i at ein del arbeid på prosjektet – Inneklima og vedlikehald av fylkeskommunal bygg – blir utført i løpet av inneverande år. Prosjektet kan då ferdigstillast innan utgangen av mars 2016, slik at kontrollutvalet og eventuelt fylkestinget kan få handsame rapport etter ferdigstilt prosjekt i april 2016. Tilbakebetalinga frå SF revisjon IKS på kr. 49 424 vert tilrådd ført som mindreforbruk på kjøp av revisjonstenester. Tilbakebetalinga kom som frådrag i faktura frå SF revisjon våren 2015. Det er ikkje praksis at kontrollutvalet nyttar desse midlane til andre prosjekt. Denne praksisen må også

gjelde i motsatt fall, der revisjonsselskapet må krevje inn ekstramidlar for å dekke eventuelle underskot.

#### **4. Konklusjon**

Kontrollsjefen går inn for at kontrollutvalet omfordeler midlar i samsvar med tilrådinga i saka.